


Engelsk universitetskrise



Det moderne universitetet i York ser tidsmessig og framtidrettet ut. Men virkeligheten er en annen. (Foto: Henk Snoek)

Av Erling Berge

Det er krise ved Universitetet i Oslo og i det norske universitetssystemet. Mange mener at det er meir enn pengar som manglar. Men kva som skal gjerast meir enn å auke løyvingane er det tydelegvis mange meiningar om.

Å lære av andres feil er ikkje mye lettere enn å lære av andres suksessar og truleg ein god del vanskelegare enn å lære av egne feil. Likevel trur eg det kan vere lærerikt å kikke på eit velrenommert universitetssystem som tydeleg er inne i ein atskilleg alvorlegare krise enn det norske.

Krisen i det engelske universitetssystemet er no dagleg lesestoff i avisene med rapportar om at amerikanske institusjonar kjøper opp den eine kjente

Økonomisk krise stoppa universitetsutbygginga

vitenskapsmannen etter den andre. Arleg er det no om lag 1000 britiske vitenskapsmenn som slår seg ned i USA og om lag like mange i andre land. Innimellom kjem det oppslag som t.d. at University College i Cardiff er trua med konkurs eller at Universitetet i Aberdeen må seie opp 150 av den vitenskapelige staben og generelt redusere aktiviteten med 25% om dei skal halde seg innan dei budsjettammene som er lagt fram for tida fram til 1990. For mange universitet er det laga prognoser som viser at det vil samle seg opp underskot i millionklassen (pund) fram til 1990. Universitetet i Oxford er t.d. eit av dei som er ille ute.

Ved eit lite og forskningsorientert universitet som University of Essex, er ikkje kriseteikna synlege ved første møte sjølv om vedlikehald av bygningane ikkje er mye betre enn på Blindern. Men etter kvart som ein blir kjent med dei som arbeider her, er krisestemminga til å ta og føle på. Svært mange kjenner seg fanga i ei baktevje med låg lønn og utan karrieremuligheter. I etterspurte fag som computerteknologi, økonomi og jus går dei dyktige over i privat verksemd eller dei drar til USA. Det er problem med å fylle stillingane deira med kvalifiserte rekrutter. Når folk sluttar i humaniora eller samfunnsfag blir stillingane ofte dratt inn. Dei som ikkje sluttar sit igjen med ei større mengd undervisning og enda mindre karrieremuligheter.

Kva er så årsakene til dei krisesyntoma vi no ser? Eg trur ein kan tale om to viktige årsaker til dagens universitetskrise. Den viktigaste er kanskje at veksten i heile universitets- og forskningsystemet stoppa opp i midten av 70-åra. Storbritannia

■ ■ Universitetskrise er ikkje noko norsk særferenomen. Ho heng saman med sosiale og politiske høve. Dei britiske universiteta slit med større problem enn dei norske, og det heng saman med den politikken Thatcher-regjeringa fører, skriv Erling Berge, som er ansatt ved Institutt for jordskifte og arealplanlegging ved Norges landbrukshøgskole.

hadde da rett og slett ikkje råd til å fortsette utbygginga i samme tempo som dei hadde gjort i 50- og 60-åra. Ein viktig konsekvens av dette var at rekrutteringa av nye forskarar vart redusert og lønnsutviklinga stoppa opp samanlikna med tilsvarende stillingar i privat verksemd.

Ei anna viktig årsak trur eg ligg i ei generell mistru til akademikarar. Mistrua er dels basert på klassemotsetningar. Universitetsutdanning har vore og er fortsatt prega av overklassen. Men både overklassen og arbeidarklassen synest dele ei oppfatning om at svært mye av verksemda ved universiteta er unyttig luksusverksemd. Dette har mellom anna gitt grunnlag for Thatcher-regjeringa til å

freiste ei hardhendt omstrukturering av forskning og utdanning. Innan ei fastlagt ramme har dei på ulike måtar freista få universitet og høgskolar til å føre ressurser frå «luksusfag» som humaniora og samfunnsfag til teknologi og naturfag samtidig som alle fag er pressa i retning av å gjere verksemda si meir «anvendt og relevant» for samfunnet. To verkemiddel har vore tekne i bruk. Det eine er å sette av ekstra-

midler for ferdigpensjonering av «unyttige» akademikarar for å føre stillingar over til «nyttige» fag som t.d. ingeniør- og datamaskin-studier. Det andre er å kutte ned på forskningsløyvingar til grunnforskning samtidig som ein rår til å skaffe forskningsmidler frå næringslivet. Bak presset for å skaffe meir privat kapital til forskning ligg også ønsket om å gjere universiteta mindre avhengige av staten. Truleg er det eit langsiktig mål å privatisere dei. Men i freistnaden på å involvere næringslivet møter både regjeringa og universiteta den generelle skepsisen til forskning. Britiske firma er langt mindre villige til å støtte grunnforskning enn t.d. amerikanske. Det er noko underleg å oppdage at viktige deler av privatfinansiert grunnforskning i Storbritannia er betalt av amerikanske bedrifter.

Konsekvensane av at systemet har stoppa å vekse og freistnadane på å få meir ut av knappe ressurser har truleg vore andre enn det politikkarar og administratorar tenkte seg. Harde økonomiske rammer er ein realitet som forsknings- og utdanningssystemet må tilpasse seg. Det kan diskutertast kor rammene skal gå og korleis

ein overgang frå rask vekst til nullvekst bør administrerast. Premissane for denne diskusjonen er oppfatningar om kva rolle forskning og utdanning har i samfunnet, kva for område det er viktig å forske på og kva for vilkår som gir god forskning og utdanning.

Sett litt på spissen synest det vere ei oppfatning at berre forskning og utdanning som er direkte relevant for industriverksemd er lønnsomt. I tillegg bør det utdannast administratorar og advokatar til stats- og bedriftsadministrasjonen. God forskning og undervisning får ein ved å la forskarar og institusjonar konkurrere om studentar og forskningsmidler.

Gitt økonomiske rammer og haldningar som desse følgjer konsekvensar og tiltak som dei eg har skissert. Krisen i systemet blir så forklart ved inkompetanse i administrasjonen av

trege og konservative institusjonar eller lukkusakademikarar som forsvarer privilegia sine. Med den generelle mistrua som eksisterer i høve til arbeidstakarorganisasjonane her i landet er dermed organisasjonane av universitetstilsette effektivt blokkert frå å ha nokon innverknad på universitetspolitikken.

Når det verken finst ein allmenn forståelse av kva rolle grunnforskning og allmenndanning har for eit samfunn eller sterke interessegrupper som kan forsvare det forsknings- og utdanningssystemet ein har, er det vanskeleg å sjå nokon vei ut av krise. Eit lite lyspunkt er det at einiske industrileiarar har byrja protestere mot nedleggning av språkinstitutt. Og i denne situasjonen må vel også den allmenne engelske konservatismen og motstanden mot endringar reknast som eit lyspunkt. Men utan relativt raske tiltak skal det bli svært vanskeleg for Storbritannia å overleve som ein førsterangs forsknings- og utdanningsnasjon inn i neste århundre.

Kva kan så Norge lære av dette? Ein bør i alle høve kunne lære at «å styre» forsknings- og utdanningssystemet langt frå er enkelt. Ein endar lett opp med eit system dårlegare i stand til å gjere jobben sin enn det ein starta ut med. Vi bør også merke oss kor sentral den er trua på ein samanheng mellom utdanning og velstand. Litt fakta om samanhengane og tiltak for å sikre alle ein rettmessig tilgang til goda kunne gjere underverk.

Private forskningspengar frigjer statsansvaret

Mistru til akademikarar — krav om utbytte